

## Det "gnistra" av Brazzooka på Stord!

25.06.2010



Brazzooka trivdes på den store scenen

**Ungdomsbandet Brazzooka har hatt eit par opplevingsrike dagar på Stord.**

**Dei samlast til øving onsdag før dei skulle vera oppvarmingsband for X-factor-yndlingane Shackles på eit større arrangement ved Heiane Storsenter torsdag kveld.**



Brazzooka spela for mange på Stord

Opplevingane stoppa ikkje med dette. Onsdag var som kjent jonsokkvelden.

Dette resulterte i at det vart spontankonsert i Leirvik Hamn på ein flytande scene i yacht-klassen. Eit folksamt publikum var svært så takksame for dette, og tilbakemeldingane tyder på at det var ei jonsokfeiring som dei sette stor pris på, og som dei ikkje vil gløyma. Kva oppleving dette var for dei unge musikarane, er nok vanskeleg for oss andre å førestilla oss.

Arrangementet torsdag starta med finale i ein talentkonkurranse mellom skulane på Stord. Det vart konkurrert i 3 klassar: dans,song/band og open klasse. Det var einfinalist frå kvar skule i kvar kategori. Jentene i Shackles var fagjury, og dei utløyste sjølvstekt ekstra glede då Brazzooka sin eine eminente perkusjonist/slagverkar, Alf Erik Fylkesnes frå Langeland skule, vann førstepremien på 5000 kr i åpen klasse for ei glitrande framføring på xylofon. Mange andre deltakarar imponerte og.

Brazzooka var eigentleg engasjert til å spela to nummer. Dei imponerte det talrike publikummet så til dei grader,

og ekstranummer måtte til. Etter det gjorde publikum sitt for å få endå meir, men då meinte Brazzooka det var tid for å sleppa hovudaktørane, Shackles, til, og med eit svært godt gjennomført program klarte dei å oppretthalde den gode stemninga blant publikum.

Det var første gongen dette arrangementet vart gjennomført. Arrangørane var svært godt fornøgd, og publikum strøymde til sjølv om regnet kom utover ettermiddagen. Underteikna er ikkje flink å anslå så store publikumsmengder, men er likevel heilt sikker på at vi her snakkar om eit fire-sifra tal. Det er nok stor sansynlegheit for at dette vert ein årviss suksess.

Innimellom øvinga og konsertspelinga desse to dagane hadde og gruppa tid til å dyrka det sosiale fellesskapet. Dei to Stord-medlemmene, Elisabeth N. og Alf Erik Fylkesnes, var vertskap, og hadde lagt alt til rette for at heile opphaldet skulle bli ein fulltreffar!

Brazzooka er i stadig utvikling. Under kyndig leiing av Sebastian Lamberg Torjusen jobbar kvar einiskild musikar svært godt. Musikken dei framførte på Stord er svært krevjande, men den vart framført med teknikk, trøkk, speglede og imponerande musikalsk overbevisning. Neste opptreden for Brazzooka er no under mat- og kunstfestivalen i Rosendal fredag 9.juli. Då skal gruppa ha to konsertavdelingar. Noko å glede seg til.

Av Thor Inge Døssland



Brazzooka-gjengen: Frå venstre Vegard Døssland, Sebastian L. Torjusen, Bjørn Naterstad, Tobias L. Torjusen, Elisabeth Nonås Fylkesnes, Marius L. Torjusen, Sindre Aksnes, Alf Erik Fylkesnes og Anders Bennes.